

## Saksgang

Utv.	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		09.02.2023

---

## Fråsegn til konsesjonssøknad for Døsjagrovi kraftverk i Luster kommune

### Forslag til vedtak

Det er lange tradisjonar for å produsere kraft i Døsjagrovi og Luster. Det er viktig at dette tiltaket bidreg til å vidareføre aktiviteten utan å forringe historia som ligg der. Det må takast spesielle omsyn til dei kulturminneverdiane som ligg i dette landskapet. Vestland fylkeskommune er positive til tiltaket, men ber om at ny røyrgate ikkje leggjast slik at ho kjem i konflikt med dei gamle røyrgatetraséane til kraftverka knytt til Harastølen og til gamle Døsen kraftverk.

### Samandrag

Det er søkt konsesjon til Døsjagrovi kraftverk. Kraftverket vil produsere 16,8 GWh rein kraft og vil liggje i eit område som har vore nytta til vasskraftproduksjon i lang tid. Det er positivt å bygge kraftverk her, men det er viktig at utbygginga ikkje forringar den historia som ligg i området.

**Rune Haugsdal**  
fylkesdirektør

**Bård Sandal**  
avdelingsdirektør  
Næring, plan og innovasjon (NPI)

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

#### Skildring av tiltaket

Døsjagrovi Kraftverk er planlagt i Døsjagrovi med inntak på kote 740,5 innløp kraftstasjon på kote 97 og med utløp i Døsjagrovi på kote 8. Fylgjande hovuddata gjeld for anlegget:

- i. Installert effekt: 5,7 MW
- ii. Årsproduksjon: 16,8 GWh
- iii. Brutto fallhøgde: 644
- iv. Røyrgate: lengde om lag 1990m , diameter 0,6m

I dag er det tre eksisterande kraftverk i Døsjagrovi. Desse kraftverka er små og utnyttar berre ein liten del av fallet og vassmengda. Dette nye prosjektet vil utnytte ein større del av vasskraftpotensialet i ei elv som allereie er utbygd. Søkjær skriv at kraftverket både vil generere meir inntekt til eigarane og kommunen, og vil bidra til den nasjonale kraftoppdekkinga.

Prosjektet omfattar oppgradering av eksisterande inntak ved kote 740,5, ny kraftstasjon, nedgraven røyrgate som i stor grad følgjer gamle røyrgatetråsæar, nedgrave avløpsrør tilbake til Døsjagrovi, fleire riggområde, midlertidige anleggsvegar og nedgraven jordkabel til eksisterande 22 kV nett.

I samband med kartlegging av andre brukarinteresser, kulturminne og landskapsmessige tilhøve i eller i tilknyting til elva, har innleidte konsulentar registrert lite negative konsekvensar ved gjennomføring av tiltaket. Konsekvensane for det biologiske mangfaldet er vurdert til noko negative, då heile området er prega av inngrep frå før og belastninga aukar difor i mindre grad. I samanheng med kartlegginga av biologisk mangfald vart det ikkje påvist raudlisteartar innan influensområdet.

Som eit avbøtande tiltak føreslår søkjær å sleppe følgande minstevassføring:

- 0,15 m<sup>3</sup>/s i perioden 1. mai – 30. september.
- 0,04 m<sup>3</sup>/s i perioden 1. oktober – 30. april.

#### Kraftproduksjon

Dette tiltaket vil bidra med 16,8 GWh rein kraft inn i den norske marknaden. Krafta bidreg i det grøne skiftet og betrar kraftbalansen i Vestland. Det er lange tradisjonar for å produsere kraft i Døsjagrovi og Luster, og no er det mogleg å kopla på ny produksjon i området etter ei tid utan kapasitet i nettet. Sidan dette er eit område med lange tradisjonar for kraftproduksjon er det viktig at dette tiltaket bidreg til å vidareføre aktiviteten utan å forringe historia som ligg der.

#### Friluftsliv

Konsekvensar for friluftsliv som følge av tiltaket er i stor grad knytt opp til lågare vassføring i Døsjagrovi. Det vil påverke friluftslivsopplevinga i området negativt om vassføringa er liten i elva. Røygata, der ein planlegg ein ryddebredd på 30 meter, vil gå gjennom Harastølen – eit område kartlagt som friluftsområde. Dette er eit utfartsområde, og har truleg størst verdi for lokale innbyggjarar. Nærfriluftsliv er svært viktig for folk si oppleving av eit godt buminiljø, og er difor noko ein må ta omsyn til og vurdere i eit langsiktig perspektiv med tanke på busetnad og bulyst i kommunen. Elva er i tillegg ein naturleg del av Lustrafjorden, både strandsone og tilhøyrande sjø og vassdrag. Lustrafjorden er i sin heilskap er kartlagt som viktig friluftsområde. Landskapsbiletet vil bli endra som følgje av å miste store deler av eit karakteristisk landskapselement som ei elv er, og dette vil vere merkbart og frå andre sida av Lustrafjorden. I tillegg vil røyrgate, vegar og stasjon i lang tid vere godt synleg frå fjorden og lokalveg/ sykkelveg/ turistveg på andre sida av fjorden.

Konsekvensutredning for naturmangfald konkluderer med ei samla noko negativ konsekvens, noko som òg kan seiast å vere tilfellet for friluftslivstilhøva.

Det er positivt at røyrgata vert nedgraven, og at ein vil freiste å oppnå naturleg revegetering av området, som avbøtande tiltak.

## Kulturminne og kulturmiljø

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde. Viser til vårt brev sendt til NVE datert 15.07.2010, kulturminnefagleg vurdering etter synfaring.

Vi minner om at kulturminne er ikkje-fornybare ressursar som bør takast vare på for nolevande og kommande generasjonars oppleving, sjølvforståing, trivsel og verksemd jf. kulturminnelova § 1. Seksjon for kulturarv vil og minne om Meld. St 16 (2019-2020) Nye mål i kulturmiljøpolitikken. Engasjement, bærekraft og mangfold. Denne stortingsmeldinga tydeleggjer at kulturmiljøfeltet er ein viktig del av klima- og miljøpolitikken

### Automatisk freda kulturminne

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne som kraftanlegget kjem i konflikt med. Av førhistoriske kulturminne er det registrert bergkunst i form av skålgroper ved stølsområde på Røssete og ved Stuagjerdet. Kulturminna ved Røssete ligg nær 400 m nordvest for intakket, medan skålgropfeltet på Stuagjerdet ligg om lag 600 m nordaust for tiltakset. Kulturminna er automatisk freda jf. §4 i kulturminnelova er registrert i Riksantikvaren sin kulturminnedatabase Askeladden. Kulturminna har ei 5 meter sikringssone som er og en bandlagt etter kulturminnelova. Det er ikkje tillate å setja i gang tiltak som kan skade, øydeleggje eller utilbørleg skjemme kulturminne, eller framkalle fare for at det kan skje.

Luster er kjend for sine mange skålgroper i utmarka og i fjellet, ofte registrert ved beiteområde og i tilknyting til dagens stølsområder eller nedlagte stølsvollar. Skålgropene er hogget eller slipt inn i fjell eller steinblokkar og har truleg hatt ei rituell betydning. Skålgroplokalitetar ligg ofte i nærleiken av andre kulturminne som tufter og kolgroper.

I store delar av rørtraseen er terrenget særslig bratt og potensialet for førhistoriske funn er her vurdert å vere lågt. Anleggsområdet er og noko forstyrra frå før i samband med tidlegare vasskraftutbygging. Prosjektet skal nytte eksisterande inntaksdam og eksisterande røygater. Men då rørtrase krev eit ryddebelte på 20-30 meter, kan vi likevel ikkje sjå bort ifrå at det kan gjerast funn i området.

Vi vil vurdere om det er naudsynt med arkeologiske registreringar etter §9 i kulturminnelova i samband med at anlegget vert nærmere detaljplanlagt. jf.. kulturminnelova § 9, jf.. § 10, må kostnadene ved ei slik registreringa betalast av tiltakshavar. Detaljplan med alle planlagde inngrep, både permanente og mellombels inngrep, må sendast på høyring til Vestland fylkeskommune. Dersom det vert avdekkja konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller at det må søkjast om dispensasjon frå kulturminnelova.

### Nyare tids kulturminne

Fylkeskommunen vurderer at temaet om verknad for kulturminne og kulturmiljø i konsesjonssøknaden mangelfull. I kapittel 3, under punkt 3,10. er totalkonsekvensen for kulturminne og kulturmiljø vurdert som ubetydeleg. Dette er ikkje riktig då anlegget slik det er planlagd vil ha stor innverknad på eit samanhengande kulturmiljø knytt til Harastølen Sanatorium .

Vi viser til brev frå dåverande Sogn og Fjordane fylkeskommune sendt til NVE datert 15.07.2010. Brevet er ein kulturminnefagleg vurdering etter synfaring 22.06.2010. I brevet skriv vi: «*Det som kom fram ved synfaringa, var at heile inntaksdammen til kraftverket, (ned for Harastølen) var intakt, og ikkje minst at den gamle oppmura røygata gjennom det bratte og vanskelege terrenget ned lia, var intakt. Den oppmura røygatetrassen ser vi på som eit viktig kulturminne i seg sjølv. Store deler av trassen er her mura opp for hand i eit bratt og tildels utilgjengeleg terrengr. Det gamle kraftverket, med inntaksdam, røyrleidning, kraftstasjon, trafokiosk og betongmaster, er å sjå på som eit kulturminne av høg verdi. På eit lite område får vi her presentert ei tidleg utbygging av kraftverk på ein god måte. I tillegg til kraftverket, har vi i same området dei store kulturhistoriske verdiane som er knytt til det gamle sanatoriet. Her finn vi både ei komplett gondolbane og kollageret til sanatoriet. Frå trafokiosken og opp lia, var det langs elv lagt opp ei eldre elveførebygging i stein. Denne elveførebygginga er òg gjort for hand og må i dag sjåast på som eit kulturminne. Ved planlegging og anleggsdrift i eit slikt landskap vi finn ved Døsjagrovi, må det takast spesielle omsyn til dei kulturminneverdiane som ligg i dette landskapet. Dette temaet vart nemnt av oss under oppsummeringsmøtet etter synfaring 22. juni. Vi finn likevel grunn til å minne om det som då vart omtala, at dei kulturminneverdiane som ligg i landskapet, må takast omsyn til ved tildeling av konsesjon, planlegging og seinare utbygging.»*

Vestland fylkeskommune kan ikkje sjå at våre innspel i saka er tatt til følgje.

Den nye rørygata skal i stor grad følgje dei gamle røyrgatetraséane til kraftverka knytt til Harastølen og til gamle Døsen kraftverk. Planlagt trase vil slik komme i konflikt med mellom anna den oppmura rørygata som framleis er intakt. Dette kom fram ved synfaringa i 2010.

Vi vurderer òg at konsekvensane av planlagt trase i høve til kulturminne ikkje er gjort rede for. I søknaden står det berre at der dei gamle røyra kjem i konflikt med rørlegginga vert desse fjerna.

Fylkeskommunen vurderer at heilskapen i kulturmiljøet knytt til Harastølen Sanatorium er av svært høg kulturminneverdi og at koplinga mellom kraftverket og sanatoriet kan vurderast å være unikt. Vi viser i den samanheng også til kulturminneplanen for Luster vedteke 22.10.2020 der mellom anna koplinga mellom sanatoriet og kraftverket er framheva: «*Sjukehuset vart bygd i fjellsida, 500 m.o.h. over Luster – og vanskeleg tilgjengeleg. Kommunikasjon med «omverda» var taubananen som gjekk frå fjorden og opp. Her vart både folk og varer frakta opp og ned. Ei årsak til plasseringa var det gode klimaet i Lustrafjorden. I tillegg var ein også tidleg klar over vasskrafta sin verdi, og sjukehuset fekk installert ein av dei fyrste private vassturbinane i landet.*»

Vestland fylkeskommune rår til at ein i samband med utbygging av Døsjagrovi kraftverk i Døsjagrovi vel ein anna trase.

### **Vassmiljø**

Etter det vi kan sjå er ikkje vassforskrifta nemnt i konsekvensutgreiinga. I konsekvensutgreiinga skal det vurderast og skildrast korleis planen eller tiltaket vil verke inn på vatnets økologiske og kjemiske tilstand: <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsområder/overvakingarealplanlegging/arealplanlegging/konsekvensutredninger/vurdere-miljokonsekvensene-avplanen-eller-tiltaket/vannmiljø/>.

Som skildra i Miljødirektoratets rettleiar for KU-metodikk, avhenger ei vurdering av tiltaket etter vassforskrifta § 12 at det føreligg kunnuskap både om dagens tilstand i vassførekomsten, og om eventuelle endringar i tilstand som tiltaket forventar å medføre. Den økologiske tilstanden i vassførekomstane i Døsjagrovi er i dag vurdert å vere god etter vassforskrifta, men kunnskapsgrunnlaget er lågt. Dersom tilstanden vert forringa av tiltaket, må det i så fall vurderast om det er grunnlag for å gje unntak etter § 12.

I konsekvensutgreiinga for naturmangfald står det følgjande: «Den foreslårte minstevannføringen vurderes som et tilfredsstillende avbøtende tiltak siden elven har hatt redusert vannføring i lengre tid og det er tilknyttet svært få naturverdier til denne.» Vi meiner det blir feil å samanlikna med tilstanden i dag og ikkje med naturtilstanden før utbygging.

### **Vedtakskompetanse**

Fylkesutvalet gjev uttale på vegner av Vestland fylkeskommune.

### **Vurderingar og verknader**

#### **Økonomi:**

Tiltaket vil betre økonomien til utbyggjar og bidra til kraftbalansen i Vestland.

#### **Klima:**

Tiltaket bidreg til ny rein kraftproduksjon inn i den Norske kraftmarknaden. Dette er med på mogleggjere avkarboniseringa av samfunnet vårt.

#### **Folkehelse:**

Tiltaket ligg i eit friluftsområde. Det er viktig at det vert teke omsyn til kulturminna og friluftsinteressene i konsesjonshandsaminga.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Tiltaket støttar spesielt opp om FN sitt berekraftsmål nummer 7 – rein energi til alle. Tiltaket er med på å setje retning for Vestland.

**Konklusjon**

Tiltaket er planlagt i eit område med lange tradisjonar for kraftutbygging. Dette har store fordeler og nokre utfordringar. Det ligg kulturhistorie i dei gamle installasjonane i området og det er viktig at det vert teke omsyn til desse ved eventuell utbygging.